



Foto: Arvid Fimreite



Høyanger kommune
eld kraft vatn

Initiativ, skaparlyst, kreativitet!

Velkomen til
entreprenørskapsmesse
i Høyangerhallen
torsdag 4. mai 2017

**UNGT
ENTRE
PRENØR
SKAP**



SOGN REGIONRÅD



Jonas N. Rardal,
Silje M. Ruskedal, Patrick
Fredriksen og Marius V.
Fossen er konfransierar.

Velkomen til entreprenørskapsmesse i Høyanger

Endeleg er det vår tur! No er det Høyanger kommune som 4. mai 2017 ønskjer å invitere alle ungdomsskulane i Sogn regionråd til entreprenørskapsmesse. Entreprenørskap handlar om kreativitet, skaparglede, læring og det å bli kjend med dei ulike lokalsamfunna i regionen. På messa i Høyanger er alle 8. klassane i Sogn regionråd inviterte. I tillegg kjem eit utval elevbedrifter frå 9. klasse som har kvalifisert seg til denne regionale finalen. Elevar frå 8. klasse skal både sjå, vurdere og lære av elevane i 9. klasse. De skal blant anna på besøk og bli kjende med ulike bedrifter som er i Høyangersamfunnet. I tillegg skal de på plenumsforedrag på samfunnshuset og få høyre korleis tidlegare elevar frå Høyanger har jobba med entreprenørskap for å kome dit dei er i dag.

Høyanger er eld, kraft og vatn. Høyanger er mangfaldig. Her er kort veg frå fjord til fjell. Natur og kultur er ein stor del av identiteten til kommunen. Høyanger er den einaste kommunen i Sogn som er delt av Sognefjorden, ein spennande og variert kommune å bu i. Høyanger har eigen vidaregåande skule, og jobbar tett med grunnskulen i tettstaden med pilotprosjektet 8-13 skulen. Eit av tiltaka er at alle 10. klassingane har klasseromma sine i den vidaregåande skulen.

Vi gler oss til at du og din skule kjem på besøk til Høyanger!

Petter Sortland, ordførar

Program

Kl. 09.30-10.10
Rigging av stand

Kl. 10.15-10.45
Opningsarrangement

Kl. 10.50-14.15
Besøk på stand,
plenumsforedrag og
besøk til lokale bedrifter

Kl. 14.15-14.45
Avslutningsarrangement






Foto: Arvid Fimreite

Føredragshaldar: **Espen Løbø Solhaug.**

Espen Løbø Solhaug kjem frå Vadheim i Høyanger kommune. Han har utvikla og programmert appen Regaloy – ein ønskeliste-app. Espen fekk 440 000 kroner frå Innovasjon Norge til å vidareutvikle appen. Ideen til appen fekk han før jul eit år, då han såg behovet for å forenkle gåvehandlinga.



SOGN REGIONRÅD

Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan eigd av dei 9 kommunane i Sogn: Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd jobbar for å styrke grunnlaget for busetnad og kvalitetsutvikling av barnehagane og skulane i Sogn. Messa i Høyanger er den 9. i rekka som stiftinga Ungt Entreprenørskap, Sogn regionråd og årets vertskommune arrangerer for ungdomskulane i Sogn. Takk til alle sponsorar, samt til Arvid Fimreite for fine bilete og Ytre Sogn avis for god omtale og annonsestøtte.



HYDRO



sparebanken
sogn og fjordane



Sognekraft

Ei stor takk til våre sponsorar!



Følg oss på Instagram!
@ungtentreprenorskap @hoyangerskule